

NRK Nynorsk mediesenter

Status per 20.10.2010



To stjerner i barnefjernsynet

Språket ungane møter i barnefjernsynet er viktig for språksynet deira seinare i livet. Som små er vi opne og fordomsfrie, og det finst knapt meir effektive kanalar for spreiling av språkleg identitet og godtaking enn fjernsyn, radio og nett.

– Difor er det ei stor glede å oppleve kva plass ulike dialektar har fått i barnefjernsynet i NRK. Og vi er stolte av å ha skaffa fram to av dei nye stjernene på ungane sin fjernsynshimmel, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter.

Ho siktar til hallingjenta Ingunn Thon, som er ny programleiar i BarneTV kl. 1800 i NRK Super, og byjenta Solveig Hareide. No gjer ho suksess med matteprogrammet "Kosinus", etter fleire år som programleiar for Newton i NRK1.

- Desse to damene vart nynorskpraktikantar fordi dei har dette "det" for fjernsyn, og vi såg dei føre oss i barne- og ungdomsprogram då vi tok dei inn. Dei måtte gjennom den tøffe "nyhendeskulen" vi lærer opp etter, men tok openbert ikkje skade av det, seier Øvrebotten. Ho har vore ein ivrig forkjempar for meir nynorsk og dialekt i barnefjernsynet i alle sine 25 år som leiar i NRK. Ho meiner at det framleis står ein god del att å gjere for meir nynorsk, også i barneprogramma, både på nettet, i radio og fjernsyn.

- Med rakettfart inn i NRK Super

Ingunn Thon (1986) gjekk på det tiande kullet med nynorskpraktikantar våren 2009. Ho hadde praksis i NRK Super og fekk fast arbeid der før jul i fjor. Fyrst som redaksjonsassistent og i haust vart ho programleiar i barnetsendinga kl. 1800.

- Det å få sjansen til å jobbe som programleiar i Barne-TV er suverent. Nesten ikkje til åtru. Det aller beste er at eg får jobbe med noko som stiller min veldige hunger etter kreativt arbeid. Ingenting er betre enn det! I tillegg til det openbert artige, får eg bryne meg på nye og utfordrande arbeidsoppgåver kvar dag. At Nynorsk mediesenter sendte meg med rakettfart inn i NRK Super, kjem eg til å vere evig takknemleg for, seier Ingunn Thon.





Solveig og Kosinus

Solveig Hareide (1983) er av veteranane frå NRK Nynorsk mediesenter. Ho gjekk på det andre kullet, våren 2005. Arbeidde i P3 og med ulike typar barne- og ungdoms- program frå Tromsø og Trondheim, der ho no er fast tilsett.

Songen "Solveig og Kosinus", med Rasmus og Verdens beste band, vart raskt så populær at han hamna på Fiskoteket, ungane si eiga hitliste.

- Eg har det heilt topp i NRK og barneTV! Kosinus har ei målgruppe som er ærleg og entusiastisk, noko som er veldig takksamt når vi lager fjernsyn. Det er verd all innsatsen når ein får høre frå barnehagar at jentene spring rundt som matte-superheltar, og gutane blir stengt inne i leikehytta og må vere dragen Kosinus. Eg er veldig glad for all erfaringa eg har fått gjennom Nynorsk Mediesenter. Både den grunnleggande journalistikken, og kontaktane ein knyter gjennom praksistida, skriv Solveig Hareide.

75 % arbeider i media



Per 20. 10. 2010 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 60 nynorskpraktikantar, og 75 % av dei arbeider i media. Nitten er fast tilsette og femten av dei er i NRK. Siste vekene har Ragnhild Bjørge (1977) og Anna Gytri (1984) fått fast arbeid i NRK. Bjørge i NRK Dagsnytt og Gytri i NRK Sogn og Fjordane.

- Det er framleis langt mellom dei faste jobbane, og det må vi nok leve med. Diverre misser vi ein del talent fordi dei ikkje har høve til å gå på usikre tilkallingskontraktar. Det er velutdanna folk i den alderen då ein kjøper seg hus og stiftar familie, og det er lett for dei å få seg anna arbeid, seier Øvrebotten.

Tviegga sverd

Sidan det vart innført tilsettingsstopp i NRK i 2008 har nynorskpraktikantane og stipendiatane frå NRK FleRe hatt sokalla "positiv særbehandling". Det var NRK-leiinga sitt tiltak for å hindre at vi fyrer for kråkene, eit ynskje om å ta vare på talenta vi brukar tid og pengar på å lære opp. Det inneber mellom anna at praktikantane vert rekna som interne søkerar og skal gå føre eksterne, ved utlysing.

- *Det varierer mykje frå avdeling til avdeling i kva grad dette vert teke omsyn til. Sjølv sagt er "positiv særbehandling" også eit tviegga sverd, som kan bli brukt mot oss, men eg høyrer lite om det, seier Magni Øvrebotten. Ho legg vekt på å vere ærleg om kvalifikasjonane til folk når ho vert spurd, og gjev råd til tidlegare praktikantar om kvar dei bør satse. – Dei eg meiner ikkje har noko i journalistikken å gjere får beskjed om det. Men det er underleg kor folk er godt brukande så lenge NRK kan nytte dei som tilkallingsvikarar, men brått ikkje er det når den tid nærmar seg at dei har krav på fast tilsetting, seier Øvrebotten.*

Manglar meir medvit enn folk

Så därleg som det står til med nynorskkunnskapane i mange avdelingar i NRK, må det vere ein kvalifikasjon å vere nynorskbrukar, men det er det sjeldan.

- *Dei færraste leiarane tenker medvite på å rekruttere nynorskbrukarar. Det er difor eg meiner vi må få fleire nynorskbrukande leiarar i NRK, som brukar språket sjølve og vil ha fleire likesinna inn. Per i dag manglar meir på medvit enn på tilgangen på folk, hevdar Øvrebotten.*

Få nynorskbrukarar i medieutdanningane



Under Dei nynorske festspela i Ørsta i sommar heldt kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkaas eit føredrag om nynorsk i NRK. Der peika han mellom anna på at berre åtte prosent av dei uteksaminerte journalistane frå medieutdanningane her i landet, frå 2007 til 2009, var nynorskbrukarar.

Tala er frå medieutdanningane i Bodø, Volda, Stavanger, Kristiansand og Oslo. På desse tre åra sende dei frå seg 621 journalistar, og berre 51 av dei brukte nynorsk. Halvparten av dei kom frå høgskulen i Volda, men sjølv der utgjorde ikkje nynorskbrukarane meir enn 14

prosent. Bjerkaas meinte det kunne bli ei for tung bør for NRK åleine å halde media med nynorskbrukande journalistar.

Direktøren for Nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad, hadde fokus på media i den tiande årstalen sin nyleg, "Med språket som innsats". Han synte til kringkastingssjefen sine tal og sa mellom anna : - *På dei same tre åra sende NRK Nynorsk mediesenter i Førde frå seg 30 nynorskpraktikantar. NRK er altså ikkje berre den største nynorskbrukaren i medieverda. Dei er også den største lærestaden for nynorskbrukande journalistar, sa Grepstad.*



- Den råaste utdanninga eg har vore borti



Det trettande kullet med nynorskpraktikantar byrja på opplæringa 23. august og har dei to fyrste månadane fått innføring og praksis i journalistikk for internett, radio og fjernsyn, og nynorsk eterspråk. Dei beste innslaga dei lagar vert sende i NRK Sogn og Fjordane. Den 26. oktober skal dei vere på plass i redaksjonen der for to månaders journalistpraksis, før dei dreg vidare til to månader ekstern praksis etter nyttår.

Vegard Troøyen Foseide:

- Å vere nynorskpraktikant er den råaste utdanninga eg har vore borti. Etter eit par dagar - eller timer - med opplæring i noko nytt, blir me kasta ut i det med opptaksutstyret i hendene og ei framfus innstilling i hovudet. Det blir stilt høge krav frå dyktige lærarar til frodige praktikantar. Og me trivst som berre det!

Hans Henrik Løken:

- Etter nær to månadar som praktikant i NRK Nynorsk Mediesenter er eg overveldt. Kursinga vi får her er fantastisk. Den gode opplæringa gjer at vi kan ta utfordringane i kvardagen med strak arm og sterke pondus, både no og seinare i karrieren. Nokre av gjesteførelesarane som har vore innom mediesenteret har kalla oss heldige. Dette er fordi vi får nettopp denne opplæringa før vi skal jobbe for fast plass i NRK sine rekker. Etter kvart skal vi ut i praksis i NRK Sogn og Fjordane. Då er det godt å ha med alt det vi har lært til no. Lært har vi gjort av både faglærarar, som vi og kan spørje til råds 24 timer i døgnet, og andre som har vore på kortare besøk for å lære frå seg.

Hilde Zahl:

- Etter snaue to månader på Nynorsk mediesenter sit eg att med enormt mange inntrykk. Dei er alle utelukkande positive. Noko av det beste med tida mi her, har vore alle dei som har vore innom for å læra frå seg. Kari Sørbo har snakka intervjueteknikk, Jan Olav Fretland har snakka språk, og Eva Westvik har lært oss korleis ein TV-kommentar skal lyda. Det har vore svært lærerikt! Det har vore ei intensiv tid. Me har vore gjennom radioproduksjon, nettskriving og TV-produksjon. Me har alle hatt saker på radioen, og om ikkje lenge skal me ned på desken. Då vert det enda heftigare tempo, og eg gler meg veldig.

Karl Kristian Langeland:

- Dagane her på Nynorsk mediesenter er utruleg innhaldsrike og ikkje minst krevjande. Det er ei enorm mengde med kunnskap som skal inn kvar dag. Nokre gonger kan det virke som om det aldri vil ta slutt, men takka vere gode gjesteførelesarar og ikkje minst gode lærarar så går det meste. Vi har no fått ei innføring i radio-, nett- og Tv-journalistikk og burde vere godt rusta for å gå i gang med praksisen på NRK Sogn og Fjordane. Eg må likevel seie at eg kvir meg litt. Trøysta er at eg kjenner meg trygg på at eg har gode menneskjer rundt meg som er klare til å få meg på rett spor, om eg skulle kome litt for langt ut på dei journalistiske viddene.

Hans Kristen Hyrve:

- Som nynorskpraktikant kan ein gå frå å vera blank på eit område til å kunne langt over snittet. Ein kan gå frå å kjenne seg som ein lettvektar til å møte verda med ballast. Ein kan byrje med å aldri ha gjort noko før og ende opp med ny favorittsyssel. Alt dette i løpet av ein dag. Ettersom desse dagane vert til veker og månader får ein overraskande brei erfaring, lærer enormt mykje og føler seg stadig meir budd på journalistlivet. Det er håplaust å motstå ord som bratt læringskurve, godt miljø og spanande undervisning.

Kriminelt eller demokratisk?

OPPSIKTSVEKKENDE: Lars Erik Grøntun i Gambit Hill & Knowlton synes det er oppsiktivekkende at NRK tilbyr mediekurs til bedrifter. Foto: Anita Arntzen

NRK selger medietrening

MEDIER

NRK tilbyr næringslivet kurs i medietrening og krisehåndtering. - Dette blir litt som om politiet skulle tilby kriminelle kurs i «hordan slette dine spor effektivt», sier administrerende direktør Lars Erik Grøntun i pr-byrået Gambit Hill & Knowlton.

KARL R. STØRMANN

NRK medietrening føregår i institusjonene lokaler i Forde i regi av NRK Nynorsk mediesenter. På hjørnet melden avslutter NRK slik for sin nye virksomhet: «Det er flere organisasjonar og bedrifter som ønsker at dei er vitne til trenin på krisehåndtering og vi kan ruste dem til å møte det massive mediestryket som ofte

Magni Øvrebotten

NRK-selger medietrening føregår i institusjonene lokaler i Forde i regi av NRK Nynorsk mediesenter. På hjørnet melden avslutter NRK slik for sin nye virksomhet: «Det er flere organisasjonar og bedrifter som ønsker at dei er vitne til trenin på krisehåndtering og vi kan ruste dem til å møte det massive mediestryket som ofte

PR-KURS: Magni Øvrebotten

som krisen utviklar seg. Samtidig trener deltakerne i å bli intervjuet av media», annonserer mediesenteret, som understreker at kursene ikke er for akademiske.

Oppsiktivekkende: Lars Erik Grøntun i Gambit Hill & Knowlton synes det er oppsiktivekkende at NRK tilbyr mediekurs til bedrifter.

Klarert

Leder av NRK Nynorsk mediesenter, Magni Øvrebotten, sier at kurserne har fått god respons både fra bedriftene og journalister. «Vi har fått mange spørsmål om hvordan kursene kan hjelpe mediebedriftene med å håndtere kriser og medieangsten», sier Grøntun.

«Han synes det må være grotta tilbys kurs i medietrening», sier Grøntun.

Men at de tilbyr kurs til offentlig og privat sektor finner jeg oppsiktivekkende, sier Grøntun.

medverkar til mange slags forestillingar om korleis media arbeider, seier Magni Øvrebotten.

Ho meiner det er eit demokratisk problem om mange menneske er redde for, eller skyr media, særleg når så mykje av den offentlege debatten føregår i media. – Vona vår er både å auke tilfanget av deltakarar og gjere folk tryggare i møte med media, både språkleg og personleg. Vi lærer dei ikkje å stikke av, men å stille opp, og det nyttar ikkje å kome til oss for å få trening i bortforklarings, seier Øvrebotten.

NRK-reglane seier at aktive journalistar ikkje skal drive med kursverksemd, og dei tilsette i NRK Nynorsk mediesenter og andre kurshaldarar er ikkje lenger aktive journalistar, men har vore det. Vi har kurs i journalistisk skriving for internett, god nynorsk, medietrening og kriseberedskap, sjå meir om det på www.nynorskmediesenter.no. Der er det også heilt ope kven vi kursar.

Dagens Næringsliv hadde 18. oktober 2010 eit oppslag om kursverksemda til NRK Nynorsk mediesenter, og særleg det at vi tilbyr kurs i medietrening og kriseberedskap.

– *Dette blir litt som om politiet skulle tilby kriminelle kurs i "hordan slette sine spor effektivt"*, seier adm.dir. Lars Erik Grøntun i PR-byrået Gambit Hill & Knowlton, til avisat.

NRK Nynorsk mediesenter har drive kursverksemd heilt sidan starten i 2004, om media og nynorsk. Det har vore klarert og godkjent av to kringkastingssjefar, med den klare føresetnaden at vi ikkje driv medierådgjeving, og at kursverksemda er sjølvfinansierande.

– *Eg var redaktør og redaksjonell leiar i NRK i 20 år, og veit at medieangsten er svært utbreidd i samfunnet. Han gjer seg mange utslag og er ei plage på begge sider av mikrofonen, og*

Berre 28 søkerar

Søknadsfristen til det fjortande kullet gjekk ut sist fredag, og det kom inn berre 28 søkerar. – *Det er skuffande lite. I fjar søkte det 46 til same tid, og i vår var det 50 søkerar. Berre ein gong før har søkeralet vore under tretti, og på jamnen er det mellom førti og femti søkerar, seier Magni Øvrebotten.*

Det er fyrste gongen søkerane har måtta søkje elektronisk over NRK sine nettsider, men det er vanskeleg å skjøne at det skulle skremme vekk ungdomen i dag. – Eg skriv det heller på at eg sjølv ikkje har fått jobba så aktivt som eg pleier med å gjere tilbodet kjent. Eg brukte for mykje tid på vakkasta arbeid som styreleiar i Språkrådet, seier Øvrebotten. Saman med tre andre trekte ho seg frå det styret sist veke.

Kvar vert nynorskpraktikantane av ?

Per 20. oktober 2010 har vi lært opp 60 nynorskpraktikantar, og 75 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media. Nitten har fast arbeid i media, femten av dei er i NRK.

I NRK er det tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, NRK.no, NRK Super, Kulturnytt og musikkredaksjonen i NRK P2, i NRK P3, Torget (intranettet i NRK) og ved distriktskontora i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Trøndelag og Nordland.

Fire tidlegare nynorskpraktikantar er avisjournalistar og fire andre er informasjonsfolk.

På nettsida www.nynorskmediesenter.no prøver vi å ha oppdaterte oversikter over kva tidlegare nynorskpraktikantar arbeider med.

Tolvte kullet – 04.01. til 30.06. 2010.



Frå venstre: Astrid Marie **Grov** (1984), er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt, Ingvil Aaen **Torpe** (1982) er redigerar i NRK Hordaland, Kristin **Vestreim** (1982) er vikar i Musikkredaksjonen i NRK P2, Mari **Langva** (1986) er vikar i NRK Trøndelag og Gunn Evy **Auestad** (1986) har 50 % vikariat i NRK.no og er tilkallingsvikar i NRK Sporten.

Ellevte kullet – 24. 08. 2009 til 28. 02. 2010



Frå venstre : Mathias **Oppedal** (1985), vikar i NRK Rogaland, Aleksander **Vallestad** (1983) vikar i NRK Hordaland, Sara Myhren **Kornberg** (1987), er vikar i NRK P3, Simon **Solheim** (1990), vikar i NRK Sogn og Fjordane og Bjørn Ivar **Voll** (1985) er tilkallingsvikar i Dagsnytt.

Tiande kullet – 05. 01. til 30. 06. 2009



Frå venstre; Ingunn **Thon** (1986), er fast tilsett og programleiar i NRK Super, Malin Olivia **Dahlberg** (1982) er tilkallingsvikar i NRK Kulturnytt, Ingvild **Ryssdal** (1983) er vikar i NRK Alltid Nyheter og Dagsnytt. Anna **Gytri** (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane og Siri Kleiven **Strøm** (1987) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og ferdig med BA i administrasjon- og organisasjonsvitenskap ved Universitetet i Bergen til jul. Frå nyttår har ho eit års vikariat som journalist i Sogn Avis.

Niande kullet – 25. 08. 2008 til 28. 02. 2009



Frå venstre Steinarr **Sommerset** (1983), fast tilsett i ei verksemd i England som utviklar tv-spel, Samina **Brukset** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland, men for tida i Bergen som programleiar for ein ny fjernsynsserie kalla "Norske røter". Ann-Iren **Finstad** (1980) er vikar i NRK Kulturnytt. i P2. Magnus **Stokka** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland og Erling Molt **Korsnes** (1984) er vikar i Trafikkredaksjonen på Tyholt.

Åttande kullet 3.01. – 30.06.2008



Marit Holmquist **Fenne** (1980) er fast tilsett journalist på Torget, intranettet i NRK. Elin Thingvoll **Berge** (1980) er medielærar ved ein vidaregåande skule i Stavanger, Olav Arne **Nedrelid** (1978) er medielærar ved ein vidaregåande skule i Ålesund. Roger Sevrin **Bruland** (1977) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks og Eivor **Brandseth** (1985) fullførde ikkje på grunn av sjukdom.

Sjuande kullet 03.09.2007- 29.02.2008



Eva Marie **Felde** (1981) er informasjonsmedarbeidar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, Eline Buvarp **Aardal** (1984) studerer russisk i Kviterussland, Håvard **Tvedte** (1981) er bibliotekar i Stortinget og Ingunn **Viken** (1980) er frilansjournalist. Ivar **Folkedal** (1983) er tilkallingsvikar i NRK Nyheter og tek mastergrad i journalistikk ved Universitetet i Oslo til jul. Han er tilsett i vikariat som nyhendeanker i P4 frå nyttår av.

Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007



Gunhild **Sølvberg** (1978) arbeider som lærar i spansk og engelsk i Sørum kommune, Yngvill Kolset **Haga** (1980) er tilkallingsvikar i musikkredaksjonen i NRK P2, Mona **Vetrhus** (1975) er tilkallingsvikar i kulturavdelinga i NRK P2, Ragnhild **Bjørge** (1977) er fast tilsett i NRK Dagsnytt og medlem av nemnda som Språkrådet har oppnemnt for å revidere nynorsknormalen. Inger **Tveito** (1985) arbeider ved Lovisenberg sjukehus.

Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007



Bjarte **Vik** (1986) utdannar seg til lærar. Marianne **Feste** (1981) er hyra som bykoordinator for TV-aksjonen i Bergen. Gøril **Furu** (1984) er fast tilsett i Musikk- og nattredaksjonen på Tyholt, men har eitt års permisjon for å ta mastergrad i TV-produksjon ved Boston University, USA. Ingrid **Hognaland** (1986) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer øk/adm. ved Handelshøgskulen i Bergen. Vidar **Eidhammer** (1984) studerer nordisk ved Universitetet i Oslo.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006



Asgeir **Reksnes** (1979) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Bergit Sønsteboe **Svendseid** (1984) er fast tilsett som informasjonskonsulent i LNU, Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner. Erlend Blaalid **Oldeide** (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Ingrid Z. **Aanestad** (1983) er forfattar og Øystein **Windstad** (1983) studerer statsvitenskap ved NTNU og er tilkallingsvikar i Adressavisa og Trønderbladet.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Sølve **Rydland** (1984) er vikar i NRK Hordaland, Marita **Haugo** (1982) er fast tilsett i Drammens Tidende, men får ikkje skrive nynorsk. Gisle **Forland** (1981) er fast tilsett i NRK Nordland, Karoline **Kalstveit** (1984) er student og tilkallingsvikar i NRK Hordaland og Håvard **Hamnaberg** (1978) er overingeniør i ressursseksjonen i NVE, med fornybar energi som spesialfelt.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Solveig **Hareide** (1983) er programleiar for det nye matteprogrammet Kosinus i NRK1. Ho er fast tilsett. Eli **Vaage** (1984) er student og tilkallingsvikar i NRK Hordaland. Ingebjørg **Bø** (1977) er fast tilsett i Telemarksavisa, Birte Njøsen **Horne** (1984) er fast tilsett i NRK og arbeider med sendinga frå TV-aksjonen i haust. Janne-Marit Myklebust **Falck** (1981) er fast tilsett journalist i avisa Møre.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Eli **Bjelland** (1981) er fast tilsett i NRK Dagsnytt. Knut Åge **Teigen** (1970) er fast tilsett prosjekt-leiar i produksjonsselskapet Snøball Film, og lagar mellom anna undervisningsfilmar for Utdanningsdepartementet. Svein Ove **Hansli** (1976) er fast tilsett og vaktsjef i Dagsrevyen. Maria **Rivedal** (1981) er fast tilsett i NRK P3 og produsent for programmet "Bestevenn med Erlend og Steinjo" og programutviklar i NRK P3. Inger Johanne **Sæterbakke** (1981) er fast tilsett informasjons- og marknadskonsulent ved Hålogaland teater.

Visjon og verdiar

"Stolt nynorsk"

er visjonen til NRK Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreying av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

NRK Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie- og samfunns-debatten.

"Dyktig - frodig – framfus"

Dette er verdiane NRK Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til NRK Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som NRK Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet: Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

POSTADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter
Postboks 100,
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter,
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2,
6800 Førde

ELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no